

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Plan- og miljøutvalet	05.06.2025	042/25

Namnsetjing av gågater - Straume sentrum

Kort om saka

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval. Eining for arealforvalting er delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning er ikkje delegert.

I Straume sentrum er det tre gågater som skal tildelast adressenamn. Området dei ligg i omfattar både bustad og næring, deriblant hotell, konferansesenter og banklokale. Målet for området er å legge til rette for at Straume sentrum skal ta skrittet frå kjøpesenter til eit levande sentrum. Adressenamna vert difor vurdert til å vera av stor offentleg interesse.

Namneutvalet i kommunen har gjennomført høyring, vurdert nye innspel og henta uttale frå Språkrådet. Ettersom dette vil bli dei første gågatene som får tildelt adressenamn i kommunen og med tanke på den sentrale plasseringa, har Kommunedirektøren vurdert det som riktig å leggja saka fram for politisk avgjerd.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Tilråding – Namn på tre gågater - Straume
E-post
Høyringsbrev frå kommunen
Høyringsbrev nytta i kommunen
Høyringsdokument nytta i kommunen
Høyringssvar - Liv-Hanne Skoge
Høyringssvar - Isabella Myklebust
Høyringssvar - Harriet Berge
Høyringssvar - Rolf Heggernes
Høyringssvar - Joar Midttun
Høyringssvar - Thomas Skålnes - Sartor storsenter

Høyringsssvar - Elna Ree
Høyringsssvar - Eldbjørg Søvik
Høyringsssvar - Hanna Gjesdal
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyring - Gågater Straume 4061-4062-4063
Adressenamn til uttale hos Språkrådet
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Høyringsuttale - adressenamn Straume sentrum
Nye adressenamn til gater på høyring - Straume
Gater Straume sentrum med plan
Gater Straume sentrum


Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan og miljøutvalet vedtek i medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 adressenamn for følgjande parsellar i Øygarden kommune

4061 - Fyrlyktgata

4062 - Havbrisdgata

4063 - Johannes Kleppeviks gate



Saksopplysningar

Kommunen er ansvarleg mynde for å iverksette eit adressesystem for kommunen, og vedlikehalde dette gjennom tildeling av nye adresser, endringar og registrering av adresser i matrikkelen. Adressenamn er mellom anna namn på gate, veg, sti, plass eller område, brukt som del av den offisielle adressa. Eit adressenamn skal vere eintydig innanfor same kommune, m.a. av omsyn til naudetatane. Regelverk knytt til adressering finn ein i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta). Regelverk knytt til adressenamn finn ein i lov om stadnamn (stadnamnlova).

Den 28.02.2025 vart høyring publisert på kommunen si heimeside. I tillegg vart høyringsbrev sendt til mållag, kulturminnelag samt aktuelle partar i saka.

Den 10.04.2025 vart høyringa også publisert på Øygarden kommunen si facebookside samt innbygarapp.

Den 28.04.2025 vart adressenamna sendt til Språkrådet for tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnesetjing., jf. stadnamnlova §9.

Den 14.05.2025 kom det tilråding frå Språkrådet om adressenamna.

Namneforslag frå høyringsrunde:
Kystbrisdgata
Fyrlysgata / Fyrlyktgata
Johannes Kleppeviks gate / Kleppeviksgata
Konglegata (4062)*
Strilavegen/Strilagata
Alexander Dale Oens gate
Kystgata
Naustgata
Sotragata
Straumsgata (4062)
Vardegata
Trond Mohns gate
Olav Thons gate
Einarsens gate/ Einarsengata
Olav Midttuns gate
Klara Skogesveg/-gate / Skogegata
Vestom
Litlevegen
Smågata
Krabbekroken
Stubben
Øvregata (4061)
Johan Juuhls gate
Sotraplassen (4062)
Sotrakanalen (4062)
Bankgaten (4062)**
Straume allé
Straumesmuget
Namneforslag frå Språkrådet:
Havstrilgata
Straumesmoget
Havbrissmoget
Namneforslag som kom etter høyringsfristen -er ikkje vurdert
Ingvald Ulveseths gate
Leif Eikelands gate
Øygata

Namnsetjing og prinsipp

Informasjon prinsipp om namngjeving kan ein finna hjå Språkrådet. Sjå:

- Språkrådet - Navngivingsprinsipper for adressenavn
- Språkrådet - Nye stadnamn - namnemønster og ordtilfang.

Her følgjer ei oppsummering av informasjonen frå Språkrådet:

Eit viktig prinsipp er at namnet bør byggja på den lokale namnetradisjonen. Det vil sei at ein forsøker å føre vidare lokale, tradisjonelle stadnamn og namnemønster i adressetildelinga. Ein generell regel er at dei namna som blir valde, skal gli naturleg inn i det eksisterande namnemiljøet.

Det er fleire eksempel på korleis ein kan lage nye adressenamn. Den enklaste måten er å ta i bruk eksisterande stadnamn. I mange høve vil adresseobjektet liggje slik til at det ikkje finst høvelege namn å velja mellom. Då kan det vere aktuelt å lage nye namn på grunnlag av dei få eldre namna som finst i området, t.d. eit gardsnamn eller eit anna stadnamn som er nytta på området.

Ein annan tradisjonell måte å namngje ein lokalitet på er å nytte «retningsnamn», dvs. at det til eit eldre, innarbeidd stadnamn blir lagt til eit førsteledd som plasserer gata eller feltet i høve til ein meir kjend stad.

Nye stadnamn kan også samlast i tema eller grupper. Ein bør då bruke tema som høver på staden. Døme på gruppenamn: terrengformasjonar, dyr og fuglar, namn på lokale personar, planteliv, klima, fisk og fangst, industri, handverk og liknande.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Bruk av namn med lokal tilknytning ved namnesetjing av nye gågater i Straume sentrum, vil vera i samsvar med samfunnsplanen.

Det blir mellom anna vist til følgjande ambisjon i planen: “Vi skal fremja lokal språkkultur og identitet.”

Konsekvensar for folkehelse

Det er klare fordelar med offentlege adresser i kommunen. Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider: «En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklar kjørebekræftelse. Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»

Økonomiske konsekvensar

Namnsetjing av nye gater vil krevja produksjon og montering av namneskilt og tilvisingsskilt. Kostnadene vert dekt frå Vegforvaltning sitt driftsbudsjett.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren har gått gjennom forslaga og kome fram til følgjande namn for gatene:

4061 - Fyrlyktgata

4062 - Havbrigsata

4063 – Johannes Kleppeviks gate

Både Språkrådet og kommunen syner til framheving av kystkultur i sin vurdering.

Kommunedirektøren har difor landa på tre namn med kysttema.

4061 – Fyrlyktgata

Eit av dei innkomne forslaga var “Fyrlysgata”. Kommunedirektøren vurderer at “Fyrlyktgata” vil vera ein betre variant av dette. I tilrådinga frå Språkrådet vert Fyrlyktgata utpeika som eit tilrådeleg

alternativ til adressenamn på ei av gatene. Forslaget har støtte i at fyrlykter er eit vanleg innslag i kulturlandskapet i Øygarden, og det er eit bilete av ei fyrlykt i kommunevåpenet.

4062 – Havbrisgata

Eit av dei innkomne forslaga var “Kystbrisgata”. I tilrådinga frå Språkrådet kjem det fram at Havbrisgata vil vera eit godt alternativ til namn på ei av gatene. Det blir også påpeika at det innkomne forslaget “Kystbris” ikkje er registrert i rettskrivingsordbøkene, men at Havbris er ei nemning som er førd opp i Nynorskordboka og Bokmålsordboka. Kommunedirektøren tilrår å bruke “Havbris” som forledd og “gata” som etterledd i namnet. Gata framstår for brei til å få endinga “smoget”. Gata går frå Arefjordvegen i sør til Sotraplassen, og kan seinare verta forlenga til bussterminalen i nord.

Adressenamnet vil spegla tilknytinga kommunen har til sjøen og skiftande vêrtilhøve.

4063 – Johannes Kleppeviks gate

Johannes Kleppevik (1947-2001) var ein landskjent musikal og låtskrivar frå Sund. Gjennom heile livet arbeidde han for å fremja strile- og kystkulturen gjennom musikken, Torgdagen og på andre måtar. Kommunedirektøren vurderer at han gjennom sitt verdifulle virke fortener å verta heidra gjennom å få eit gatenamn i kommunesenteret.

Adressenamn som er vurdert som ikkje aktuelle:

Konglegata: Namneutvalet har vurdert namnet Konglegata på veg 4062, men då det er planlagt ei forlenging av denne gata fram til bussterminalen, vil dette vera eit mindre dekkande namn.

Nygata/Øvregata: Namneutvalet har og sett på namna som er brukt i reguleringsplanen, desse er vurdert til å vera for allmenne, og for to av namna er det fare for forveksling med gater i Bergen (Nygata/en og Øvregata/en).

Naustgata: Naustgata kan ikkje veljast som adressenamn. I kommunen er det allereie fire adresser som startar med ‘naust’. Ein skal unngå bruk av same forledd i fleire adressenamn (namngjevsprinsipp 1, Språkrådet) då desse namna kan forvekslast.

Klara Skoge, Einarsen, Trond Mohn: Ein bør unngå bruk av namn på nolevande personar (namngjevsprinsipp 7, Språkrådet).

Ingvald Ulveseths gate, Leif Eikelands gate, Øygata: Etter uttalefristen kom det inn tre forslag. Desse namna har ikkje vore sendt til Språkrådet sidan dei kom etter uttalefristen, og er difor ikkje teke med i vurderinga.

Plan- og miljøutvalet 05.06.2025:

Endringsforslag - Elisabeth Erichsen Sandvik, Høgre

Plan og miljøutvalet vedtek i medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 adressenamn for følgjande parsellar i Øygarden kommune:

4061 - Sigrid Utkilens gate

4062 - Alexander Dale Oens gate

4063 - Johannes Kleppeviks gate

Det bør vurderast å montere ei plakett med kort omtale av kvar person.

Behandling i møtet

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren fall

Forslag frå H, KrF, FrP, v/Elisabeth Eriksen Sandvik - samrøystes vedtak

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.06.2025 - 042/25

Plan og miljøutvalet vedtek, i medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 adressenamn for følgjande parsellar i Øygarden kommune:

4061 - Sigrid Utkilens gate

4062 - Alexander Dale Oens gate

4063 - Johannes Kleppeviks gate

Det bør vurderast å montera ein plakett med kort omtale av kvar person.

